

Klepp Frivilligsentral  
4358 Kleppe

Kulturdepartementet  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

## **HØRINGSFRÅSEGN - FRAMLEGG TIL NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL FRIVILLIGSENTRALAR 2021**

Me viser til høringsnotat som gjeld ny forskrift for frivilligsentralar. Styret i Klepp frivilligsentral handsama framlegget til forskrift i møte 22. september 2021 og gjorde samrøystes vedtak om følgjande fråsegn:

### **Generelt**

Klepp frivilligsentral ser positivt på føringar og framlegg i høringsutkastet. Styret delar føringane som blir skissert, måla med ordninga, krav og føresetnader for å motta tilskot, inkludert kravet om 40% eigenfinansiering

### **Kommunal forvaltning av tilskotet**

Me ser positivt på at kommunane får forvaltningsansvar for ordninga og at det er lokale forhold som skal leggjast til grunn for utforming og utvikling av lokale sentralar. Me vil derfor peike på at det kommunale forvaltaransvaret må avgrensast til det som er skissert i høringsutkastet. Det må vera dei frivillige kreftene og den enkelte sentral som sjølv avgjer korleis lokale frivilligsentralar skal utformast. Dialog med kommune, organisasjonsliv og andre er viktig, men må ta utgangspunkt i frivilligsentralane sin autonomi og handlingsfridom.

### **Frivilligsentralane og lokal frivilligpolitikk**

Poengteringa av at frivilligsentralane er ein viktig del av lokal frivilligpolitikk er positiv og naudsynt. Det er samtidig viktig å understreka at frivilligsentralane ikkje må bli reiskap for kommunale styring eller kommunale pålegg, men vera uavhengige og sjølvstendige, samarbeidsorienterte einingar. Det er styra for frivilligsentralen som, i samråd med frivillige, må avgjera kva sentralane skal驱va med.

### **Bindeleddsfunksjon**

Styret ser positivt på at sentralane si bindeleddssfunksjon blir framheva i høringsnotatet. Bindeleddsfunksjonen må mest av alt forståast som ei funksjon knytt til det tiltaks- og aktivitetsmessige, på eit operasjonelt, konkret plan. Det må vera kommunane som må ha ansvaret for overordna, heilskapleg frivilligpolitikk og koordineringa av denne.

Frivilligsentralane må likevel vera ein del av denne, men mest av alt på tiltak- og utførarnivået. Frivilligsentralane si rolle som ressurs for frivillig innsats, må sjåast i samanheng med det lokale kommunale tenesteapparatet si organisering ( kommunale kulturavdelingar, frisklivssentraler og/ eller andre) og at desse på ulikt vis og i ulik grad er ressursar for frivillige organisasjoner i dag. Kommunane må i samråd med frivilligsentralar og andre aktørar sjølv klargjera organisering, lokale oppgåver, og forventningar til lokale frivilligsentralar.

### **Registrering i einingsregisteret**

Klepp frivilligsentral ser positivt på kravet om registrering i einingsregisteret.

### **Gratis lokale for frivillig aktivitet**

Klepp frivilligsentral ser positivt på krav om at sentralen sine lokale skal kunne stillast gratis til disposisjon for frivillige grupper. Det bør likevel vera ope for at det kan kunne krevjast betaling for reinhald og liknande.

## **Finansieringsmodell – modell 4**


Klepp frivilligsentral støtter ei tilskotsordning som skissert i **modell 4**, der ein kombinasjon av eit minimumstilskot og innbyggjartal blir lagt til grunn for utrekninga av statstilskot.

Det er viktig med ei tilskotsordning som gjer små kommunar høve til å etablera og driva frivilligsentral, samtidig med at det blir sikra ressursar til større kommunar, med komplekse utfordringar og behov for store ressursar.

Klepp frivilligsentral meiner at den delen av tilskotet som er basert på innbyggjartal bør vektast relativt høgt samanlikna med grunntilskotet. Store kommunar har ikkje berre fleire innbyggjarar, men ofte og større og meir komplekse utfordringar. Ressursane her må stå i forhold til oppgåvene som skal løysast.

Kleppe, 22.09.22

  
Andrine Homme  
Styreleiar

  
Ann Kristin N Hatletvedt  
dagleg leiar